



Byggeprosjekta i Uskedalen går raskt framover i tråd med planane og i dag gjeld det ikkje minst butikk-utvidinga som held fram etter ein liten pause.

Trelastlageret var i føremiddag på byggjeplassen med den første tre-leveransen, som er veggane, og det tok ikkje lang tid å plassera materiala der det var praktisk å ha dei på byggjeplassen.

Det er i det heile rasjonelt for alle partar å satsa på ein lokal leverandør. Det tilbygget som nå skal byggjast er det også eit lokalt firma som har ansvaret for - Byggpartner Kvinnherad.

På bileta: Den første 'materialpakka' kjem til byggjeplassen. Etter kvart kjem det mange fleire.

Foto: Ola Matti Mathisen

